



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/8485-1

## **Møtedatoar 2017 - fylkesrådet for eldre**

Møteplan for 2017 vert vedteken slik den ligg føre:

- 7. februar
- 8. juni
- 21. september
- 29. november

Vedlegg:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Det er ynskjeleg at møteaktiviteten held fram på line med fjoråret. Det vert planlagt og datofesta fire møte i 2017. I tillegg kan det kome ekstra møter etter behov, samt at rådet får aktivitetar i samband med kurs og konferansar.

### **2. Bakgrunn for saka**

Budsjettetramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa.

Reglement for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane vart vedteke av fylkesutvalet i sak nr. 236/92 med heimel i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 08.11.1991, nr. 76, og vart revidert av fylkestinget i sak 18/15.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

I samsvar med reglementet held rådet møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemene ber om det. Dei planlagde møta skal så langt som råd vere tilpassa slik at saksdokument vert lagt fram i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfella sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre og råd, må eldrerådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkommande organ handsamar saka. Målsetjinga er at eldrerådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaming i hovudutvalet.

### **4. Konklusjon**

Sidan budsjetttramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa er det ikkje rom for ekstramøter.  
Aktivitetar i samband med kurs og konferansar må vurderast opp mot budsjetttramma for 2017.  
Det er tilrådeleg å legge møta kvartalsvis gjennom året og på tidspunkt der det vert mogleg å komme med innspel til relevante politiske avgjerder.